

Svar til Heradsstyremøte 04.05.23 på spørsmål frå Levekår

- **Ber om ei orientering om § 9 a sakene - kva gjer heradet for å redusera sakene?**

Voss herad har hatt fleire § 9a saker dei siste åra og me ser også at me på elevundersøkinga har høge tal på elever som melder om at dei opplever mobbing. Dette er alvorleg og me følgjer særleg opp den skulen som har høgast tal knytt til mobbing. Denne skulen har laga ein eigen plan for å arbeide med det psykososiale miljøet ved skulen.

Rektor rapporterer inn på tal §9a saker før jul og no i mai. Det er viktig for oss at elever som ikkje har det trygt og godt på skulen, melder ifrå om dette.

Trygt og godt barnehage- og skulemiljø har vore tema på kommunale planleggingsdagar i skule og barnehage.

Heradet har sett i verk fleire tiltak for å betre det sosiale miljøet ved skulane:

Voss herad har i fleire år hatt ein felles rutine knytt til § 9a.. Denne skal vere implementert på alle skular, og skal gjennomgåast 2 gonger pr år i personalet. Skulane skal 2 gonger pr år risikovurdere saker knytt til § 9a, og skal sende inn ein rapport til skuleeigar. Temaet skal og vere på agendaen i arbeidsmiljøgruppa ved skulen. Rektorgruppa skal årleg føreta ei risikovurdering for heradet samla sett ut frå skulane sine rapportar. Me må sikre at rutina er grundig implementert i alle skulane for å kunne arbeide godt med dette.

Voss herad og ein skule har hatt tilsyn knytt til § 9a. Avvika som kom fram under tilsynet er no lukka.

5 skular har vore med i den nasjonalt initierte satsinga inkluderande barnehage og skulemiljø, der me har hatt ein felles plan for heradet, og deltakande skular har laga sin utviklingsplan ut frå målsettingane der.

Me er i slutfasen for utarbeiding av ein nærværplan som skal vere med å førebygge og sikre gode og trygge læringsmiljø, og førebyggje ufrivillig skulefråver.

- **Kva er stoda når det gjeld ledige rektorstillingar i heradet?**

Det pr no to ledige rektorstillingar i heradet. Dette er rektorstillingar ved Bulken og Vangen skular. Begge stillingane er lyst i ei felleslysing. Pr. 03.05. er det 1 søkjar på den eine stillinga. Søknadsfristen går ut fredag. Ofte søker ein dei siste dagane, det vonar me skjer no også, men me erkjenner at det ikkje er mange søkjarar til rektorstillingane, dette er noko som er eit landsomspennande problem og ikkje berre spesifikt for Voss herad sin del.

Om me ikkje får søkjarar, så kjem me til å lyse stillingane på nytt, men me må då vurdere ei konstituering av rektor på skulene.

- **Korleis er status tilsette i skule og barnehage til hausten?**

Barnehage:

- Pedagoglysing med søknadsfrist 27.04.23 gav 5 søkjarar. 3 av desse har pr i dag stilling i barnehage i Voss herad. Reelt er det difor 2 søkjarar til 8 stillingar, og me manglar 6 pedagogar (+ 1 ass.styrar) i Vossabarnehagen frå august. Vert lyst ledig 100 % vikariat assisterande styrar
- Pr no manglar me 300% fagarbeidar/assistent. Det er nokre kandidatar att på lista etter 1. lysing og tilsetjingsprosessen er ikkje avslutta enda. Kan verta aktuelt med ny lysing.

## Skule

Det har vore to fellesutlysingar etter lærarar i heradet med til saman 53 søkarar. Det vert føreteke intervju på den siste utlysinga no, og me reknar då med å få tilsett lærarar i alle ledige stillingar.

Det er pr no ledig om lag 6 faste stillingar og om lag to årsvikariat. Ein ventar og på svar frå nokre av søkjarane som ikkje har tatt i mot stilling enno.

Me har tilsett om lag 20 lærarar i faste stillingar og me har tilsett om lag 10 i vikariat.

Me har også eit mål om å tilsette 5 årsverk vikarar til vikarpool for å betre tilgangen til kvalifiserte vikarar utover året. PR no er det tilsett 1 person i stillinga, og ein vil tilsetje ytterlegare fire årsverk når skulane har fått stetta sine behov for pedagogar.

- **Status for barnehageopptaket og dekning i heradet?**

**299 søkjarar i år, 192 av desse var nye søkjarar, 107 «gamle» søknadar.**

(Av «gamle» søknadar er det uvisst kor mange som er reelle då mange «gløymer» å sletta søknadar som ikkje gjeld lenger. Mange set seg på venteliste til høgare prioriterte barnehagar når dei får plass i annan barnehage, og søknaden vert liggjande sjølv om dei bestemmer seg for å bli verande i barnehagen dei er byrja i.)

**Alle med lovfesta rett til barnehageplass har pr no barnehageplass, eller fått tilbod om barnehageplass i Voss herad. Det gjeld alle som søkte innan fristen 01.03, inkludert dei som ikkje var busett på Voss pr 01.03.** Det er kome 7 søknadar etter søknadsfristen. Desse vil få tilbod i barnehagane som framleis har noko ledig kapasitet.

191 barn fekk plass i 1. og 2. opptaksrunde, etter det har tilboda gått ut forløpande

Me har framleis ledige plassar / kapasitet til å ta i mot barn over 3 år på Kløve, Bulken, Hagahaugen og Sundve FUS, og barn under 3 år på Kløve, Bulken, Hagahaugen, Klausabakken, Voss og Sundve FUS

Størst søkjarmasse til Tvildemoen, Skulestad, Villmarksgruppa Voss og Gjernes